

Planstatus

Rikspolitiske retningslinjer

Aktuelle rikspolitiske retningslinjer som planen må forholda seg til er mellom anna:

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging

Fylkes(del)plan

Aktuelle fylkes(del)planer for området er:

- Fylkesplan for Hordaland 2005 – 2008
- Fylkesdelplan for energi, 2001-2012
- Fylkesdelplan for kulturminne, 1999-2010
- Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2008-2012
- Fylkesdelplan: Deltaking for alle – universell utforming, 2006-2009
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020
- Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland

Kommuneplan/kommunededelplan

Kommuneplanen sin arealdel 2015-2026 for Meland ble vedtatt juni 2015. I kommuneplanen er området avsett til bustadområde, fritidsbustader og naturområde. Det er i tillegg markert faresone i den nordaustlege delen av planområdet, herunder fare for ras- og skredfare (H310), i et område som vender ned mot sjøen.

Reguleringsplanar

Sjå Figur 3 for samla oversikt.


Det er to gjeldande planar som kjem innanfor planområdet:

- Planid 125619920804: Reguleringsplan for Hatleberget / Fosse (Figur 1)
- Planid 125620070004: Reguleringsplan Fv245 fra Hatleberget til Skarpeneset

Sørvest for planområdet grensar to planar til det aktuelle planområdet:

- Planid 125619890001: Reguleringsplan for Flatøy Vest

- Planid 125619890002: Reguleringsplan for flytebru med vegnett, Flatøy




Figur 1. Gjeldande reguleringsplan for området Hatleberget/Fosse.


Det er tidlegare utarbeidd ein reguleringsplan for ein stor del av området (Figur 2). Ved offentlig ettersyn av planen, kom fylkesmannen med motsegn knytt til omsynet til landskapet og barn og unge sine interesser. Det ble i mai 2013 varsla oppstart av nytt planarbeid.

Plangrensa var her utvida mellom annan med bakgrunn i motsegna frå Fylkesmannen. Dette planarbeidet vart avbrote, mellom annan fordi kommunen i møte i 2014 ba om ei vesentleg høgare utnytting og i tillegg opna for ei utviding av planområdet nordover.

Framlegget om å utvide byggeområdet nordover, vart ikkje vedteke då kommuneplanen vart handsame av kommunestyret i juni 2015, og i det vidare planarbeidet vil ein halde seg til den planavgrensinga som vart varsle i 2013.



Figur 2. Tidlegare framlegg til reguleringsplan, ikke ferdigbehandlet




Figur 3. Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar til planområdet. Kjelde: nordhordland.avinet.no

Eventuelle temaplanar

Planområdet ligg langs sjøen og er en del av den indre farleia i Hordaland (Figur 3). Dette er et landskapsrom som det er viktig å ta omsyn til ved utarbeiding av reguleringsplan.

Planområdet ligg også i nær tilknyting til Håøy, som er registrert som eit svært viktig friluftsområde i rapporten « Område for friluftsliv. Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område i Hordaland».

- Overordna ROS-analyse for Meland 2013
- Energi og klimaplan for Meland kommune 2012-2020
- Trafikksikringsplan 2012-2016
- Tiltaksplan for avlaup 2010-2014
- Tiltaksplan for vassforsyning 2010-2014
- Kommunedelplan for kommunale vegar 2007



Figur 3. Kart som syner deler av den indre farleia i Hordaland.

